

Referat frå FAU-møte 03.02.2025

Til stade: Ørjan Gilje, Elwira Muszynska, Torill Voll Haaland, Inger Bergsåker Skregelid og Mari-Anne Haugsbakk

1. **Elevundersøkinga:** Rektor la fram resultat frå elevundersøkinga. Den vart gjennomført i haust på 6.-10. trinn. Vi har svært gode resultat på skulen, over gjennomsnittet på indikatorane på både barne- og ungdomsskulen. Det er gode læringsmiljø, lite eller ingen mobbing og aukande motivasjon. Elevgruppa er svært god, og dei eldre elevane er flotte rollemodellar for dei yngre elevane våre. Dei er flinke til å ta ansvar og generelt svært gode til å følgje reglar. Tilsette følgjer med og følgjer opp når det oppstår saker, og skulen opplever eit godt samarbeid med føresette. Det siste året har det vore fokus på kompetanseheving og tiltak som gjer at det blir enno tydlegare fokus på ressursen i foreldrerolla.
2. **Open ettermiddag:** Vi ønskjer å videreføre arrangementet Open ettermiddag. Dato er sett til 27.05.2025 kl 16.00-17.30. Forslag frå FAU om ei felles opning elevane t.d. opptrer med song. Rektor sender ut liste over dognadsoppdrag til klassane, og FAU tek ansvar for innkjøp til kafè. Dette er delegert til Olav Erik Dahl.
3. **Vårdugnad:** FAU arrangerte ein svært vellukka dugnad i haust. Då var det føresette til elevar frå 6.-10. klasse. No er det føresette til elevar 1.-5. klasse som skal ha. Skulen set opp ei liste til kva arbeid som kan utførast og rektor tek opp med elevrådet (17.02.2025) om dei har nokre ønskjer. Klassekontaktane kommuniserer med føresette om nødvendig utstyr på klassegruppe i Messenger.
4. **Klassetur:** FAU tok opp spørsmål om foreldregruppa burde setje opp nokre føringer for slike turar, slik at det ikkje blir for store sprik mellom kva dei ulike gruppene klarer å gjennomføre. Det er store skilnadar på storleiken og foreldregruppa, noko som gjer at reisemål og innhald varierer veldig. Det igjen kan skape urealistiske forventningar i elevgruppa. Før det blir sett opp evt felles føringer, ønskjer FAU at foreldregruppa får vurdere dette. I første omgang vil dei lufte problemstillinga.
5. **Spørsmål til DKS (Den kulturelle skolesekken):** Kva er dette og kven bestemmer innhaldet? DKS er ei nasjonal ordning for alle skular i Noreg som gjer at skuleelevarne får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år. Gjennom ordninga får elevane høve til å oppleve, gjere seg kjend med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk. Kulturtilbodet skal vere av høg kvalitet, og vise heile breidda av dei seks kulturuttrykka film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst.

Det har vore ein del av den kulturpolitiske satsinga til regjeringa for grunnskulen sidan 2001, og etter kvart vart også vidaregåande skule innlemma i ordninga. Fylkeskommunen er ansvarleg for programinnhald og regional koordinering, men kommunane har også moglegheit for å utvikle eigne program lokalt. Det er ei eiga nettside som viser kva tilbod skulen får og som kort presenterer innhaldet i dei ulike tilboda (<https://www.denkulturelleskolesekken.no/rogaland/>) For at

føresette skal få litt informasjon om arrangementa, kan skulen sende ut informasjon via Visma eller vekeplan til dei gruppene arrangementet er aktuelt for.

6. **Informasjon frå skulen:** Skulen har sagt ja til å delta i ei større nasjonal forsking og data og pengespel balnt norske ungdommar. Dette gjeld 7.-10.trinn.

Kommunen har fått økonomisk støtte til å starte eit fleirkulturelt prosjekt. Her vil elevar og vaksne med fleirkulturell bakgrunn få informasjon og tilbod om å vere med i ei ekspertgruppe som kan uttale seg om tema som kan vere aktuelt for prosjektet.